

Kommunen tek initiativ i reguleringssak**23.04.2009**

Arbeidet med reguleringsplanen for turstanlegga i Uskedalen har vorte mykje forseinka, men no tek administrasjonen i kommunen eit initiativ for å få framdrift i saka.

Kommunen har invitert til eit drøftingsmøte i Rosendal 14. mai.

Der ønskjer administrasjonen å drøfta vidare framgang i høve til motsegna som miljøvernavdelingen i fylkesmannen har fremma og som gjeld campingvognane ved elveosen.

To vesentlege spørsmål som skal avklarast er desse:

Kor langt skal dei strekkje seg og kva slags tilleggsopplysningar treng fylkesmannen for å trekke motsegna?